

Andreas Hompland:

## **Den smale og den breie, den grunne og den djupe distriktspolitikken**

Gode statsråder, nåverande og tidligare. Og gode venner av distriktspolitikken, frivillige og institusjonelle.

Eg har fått ein spennande tittel. Eg skal halda ein tale om det breie og det smale. Om den grunne og djupe distriktspolitikken. Andre ord-par kunne ha vore den vesle og den store distriktspolitikken, den eksplisitte og den implisitte distriktspolitikken. Eller intenderte og uintenderte konsekvensane for distrikta av den allmenne politikken. Og bakom skal det synga noe om forholdet mellom politisk retorikk, faktisk utvikling og samfunnsmessig legitimitet.

For i distriktspolitikken støyter tunge trendar og trege materialitetar saman med mange gode viljar, med den virkelige, og av og til vonde, virkeligheta. Mens orda og graset gror og kyrne blir feite, kan bygdene døy.

Men det substansielle er nå eingong ikkje mitt bord. Mitt bord er ord. Eg er mindre ute etter basis enn etter dei symbolske og retoriske overbygningane. Etter forståelsesformer, legitimeringar og motiv for politikken - enten dei er visjonære eller vilkårlige, vidfemnande eller vage, villfarne eller vinglande, vikarierande eller det reine visvas. Distriktspolitikken i 50 år har hatt eit rikt og varierende begrunnelsesliv.

Spørsmålet blir til slutt kor virksomme orda og begrunnelsane er. Kordan dei harmonerer med common sense hos folk flest, som er vår tids uttrykk for det som før heitte sunt bondevett. Kor varige og berekraftige er forståelsesformene? Kordan skiftar legitimeringane med virkeligheta Norge rundt, med tidsåndene, møtebølger og hegemoniske tankemåtar?

Dette er mitt tema som eg skal gå gjennom. Utan at eg kan lova noen "follstendige gjønågæng." Eg er vel, for å seia det med Kjartan Fløgstad, grunnleggande overflatisk.

—

Det begynte i nord. Gjenreisninga etter krigen var ei nasjonal storvøling, med ein god porsjon underliggande forsvars- og sikkerhetspolitikk. Så kom Nord-Norge planen, og etter kvart seig distriktspolitikken stadig lenger sørover. Det som hadde vore godt for Nord-Norge, skulle bli godt for alle utkantar, for det blei på mange måtar stadig fleire som hamna i utviklingas periferi.

"Flukten fra landsbygda" var slett ikkje skræmmande for alle - tvert imot. I ein av sine beiske "Nesler" med tittelen "Flukta til massen", åtvare diktaren Tor Jonsson mot noen sosiologar som granska livet i ei Sunnmørsbygd for å finna årsaka til at ungdommen vantroist heim og ville ut. Bygdedyr-slaktaren skreiv mellom anna: "Kvardagen er grå alle stader, men bykvardagen må likevel ha noko som lokkar til seg ein del av bygdeungdommen... Folkeflytting frå landet til byen høyrer med i eit friskt samfunnsliv,

det er blodomlaupet i samfunnet. Det er sjølsagt at dei som lever i tronge kår, freistar nye næringsvegar". Spissformuleringane hans har for øvrig nylig fått fotnoteplass i ein doktorgrad om distriktpolitikken.

Det som skræmde mange, var at det var framtida, dei unge, som fôr. Det kunne vera irriterande nok i bygda at Gunvor Smikkstuen drog til byen og kom heim att og var blitt så høg på pæra som ein trost i taklampa. Men det underliggande alvorret var faren for arbeidsløyse og veksande lommer av fattigdom. Det ville undergrava det politiske fellesprogrammet om sosial utjamning mellom klassane og likeverdige levekår over heile landet, som jo er det historiske sentrum-venstre kompromisset som ber heidersnamnet "Den Norske Modellen".

Når stadig fleire blei overtallige i teknologisk modernisert fiske og landbruk, låg framtida i industri. Industrivekst måtte til. Det avgjerande var å skaffa jobbar og sikra full sysselsetting - arbeid for alle. Då fekk folk flytta til jobbane.

Og industri hadde høyrte byen til, så sentralisering og urbanisering var ein nødvendig del av medisinen. Bare nostalgikarar og bakstrevarar meinte noe anna. Sjøl om få gjekk så langt som geografen Tor Fredrik Rasmussen frå småbyen Flekkefjord og hans slagord: "Hele folket i storbyer".

Sentralisering var ikkje negativt i seg sjøl - tvert imot. Det skræmde var det den kunne føra med seg av presstendensar med boligmangel og sosiale problem i byane. Så her galdt det å planlegga og samordna. Tidsskriftet Plan og Arbeid, som eg har vore redaktør av, blei typisk nok starta på denne tida. Ei tid etter sette Matz Sandman merkelappen "Tiltaksarbeidets Se og Hør" på bladet, men då arbeidskrafta blei meir bevegelig og plansamfunnet tynt av marknaden, endra bladet trassig nok namn til Plan.

Som me veit, kom mange av dei nye og valutapumpande hjørnesteinsbedriftene i utkantdistrikt fordi det var der vasskrafta og andre ressursar låg. Det blei meir regional kondensering enn nasjonal sentralisering og byvekst. Sidan kom det fleire tiltak for industrivekstanlegg og vekstsentra i distrikta. Og Brofoss sine vernevollar rundt Oslo. Det er derfor SSB har ei avdeling på Kongsvinger.

Altså: I denne fasen var det arbeid og inntekt som hadde politisk hegemoni - ikkje kvar folk skulle arbeida og bu. Og noen fekk tilskot for å flytta.

---

I neste fase blei desentralisering og balansert busettingsmønster meir av eit mål i seg sjøl. Omslaget kunne anast under den borgarlige firpartiregjeringa på slutten av 60-talet. Trass i den urbane handelsminister Willoch og den lojale industriminister Rostoft, og trass i at kommunalminister Seip alt den gongen fekk Ottar Brox på nakken for sin devise "Et folk som lever, er et folk på vandring", så var det Borten og Bondevik den eldre frå dei rurale sentrumspartia som teikna litt av regjeringsprofilen - i alle fall i talemåtene. Men det var ein tung og vanskelig veg frå ord til arbeidsbenkar. Seips statssekretær Torstein Slungård sette norsk rekord i ordlengde med sitt "distriktsutbyggingsvirkemiddelproblematikken".

Krusingane blei til ei lita bølge som fekk ein ny omdreining under og etter EF-striden i 1972 der distriktspolitikk var eit sentralt tema. Bevaring blei eit heidersord i radikale kretsar. Per Bufast blei eit ideal. Der skulle han vera all sin dag, men også finna alt han trong. Mobilitet blei ein slags sjukdomsdiagnose, med unntak for dei få som flytta ut av byen med katt og kaninar. Det gamle Bondepartiet, som paradoksalt nok hatt bytta namn til Senterpartiet, programfesta at ingen kommune i skulle ha nedgang i folketal, heller ikkje i periferien. Regjeringa Korvald laga ei lita tilleggsmelding der sentraliseringas baksider blei oppjustert og distriktas kvalitetar oppvurdert.

Grøne verdiar, busetting og livskvalitetar bar distriktsutbyggings-retorikken og ga ei viss føring på den nasjonale politikken. Det var eit mål at jobbane skulle flytta dit folk levde og ville bu, og det var i distrikta, for "dæ e hær eg høre tell". Det kom ein ny landbruks- og bygdepolitikk. Det kom lokaliseringsrettleiing og strid om etableringskontroll ut frå teorien om at arbeidsplassane pressa seg på som ein flaum, og at styresmaktene kunne kanalisera dei med pisk dersom gulrot og hårløfting ikkje var nok. Dei mest optimistiske drøymde om å stoppa eller snu flyttestraumen frå distrikt til bystrøk.

—

Det gjekk ikkje slik, sjøl om det kom stadig nye og viktige drypp av distriktspolitiske virkemiddel utover på 70- og 80-talet. Det blei også større spelerom for politiske entreprenørar med til dels underfundig atferd. Det var likevel få bandittar, men mange komandittar. Og så var det dei tiltakslystne ordførarane og næringskonsulentane som utvikla "søknadologien" til eit avansert kunsthåndverk. Mens salig Per N. Hagen tok med seg halve Tynset til Sinsenkrysset i rushtida der dei delte ut løpesetlar med den lokkande tittelen: "Ut av trengselen". Til dei blei jaga av politiet for å forstyrra flyten i trafikken.

Flyttestraumane blei bremsa, men dei snudde ikkje. Den robuste kommunalminister Borgen omdefinerte på 90-talet busettingmålet for distriktspolitikk frå "bevare hovodtrekkene" til å "sikre et robust bosettingsmønster". Og departementet døypte om avdelinga for denslags til regionalpolitisk. Med skiftande regime har distrikt gått litt ut og inn, men realiteten må uansett seiast å vera at den spesifikke, eller vesle og smale, distriktspolitikk er integrert, og langt på veg usynliggjort, i den store og breie politikken. Alle veit kva for eit departement makta ligg i, trass i uttrykte intensjonar om å gjera KRD til eit slags samordnande overdepartement for regionale konsekvensar av all nasjonal politikk.

Om det er blitt større gjennomslag og breidde av dette, eller helst fleire ord og færre målretta pengar, er det ikkje mi sak å vurdera her. Eg konstaterer bare at det dei siste 10-20 åra har vore ein innovativ flaum av stadig nye ord og kampanjar og prøveprosjekt med vanskelig målbare effektar og stadig kortare omløpshastighet. Eg nemner i fleng: Porterklynger, krumme bananar, PTD (Privat tjenesteyting i distriktene), kvinnelige etablerarar i distrikta, hårløftingsprosjekt, næringshagar, stedsutvikling, omdømmebygging, kulturelt særpreg, bulyst og mykje meir. Og for all del: Innovasjon Norge i salig ihukommelse. Det heile toppa seg på rette staden med den siste

Stortingsmeldingens tydelige og nydelige konnotasjon til hjerteslaga i Aidensfield: "Med hjerte for heile landet".

Min personlige favoritt i denne runddansen av risikosportar er Florida-feberen som gjekk som eit spøkelse over landet i noen år. Richard Florida er profeten som forkynner at "place matters" for den kreative klassen i post-industrielle samfunn. Han har vakt mange og omvendt til trua på at stedsutvikling, kulturelt mangfald og kreativ jobbskaping er vegen til salighet. Eg har høyrte mange kopierande konsulentar og bygdeordførarar hevda at nå! - nå er det like før det tar heilt av, for i tillegg til masse naturlig territorium med godt jaktterreng, har dei både teknologi og talent i bygda og er blitt tolerante: Dei har fått breiband og caffè-latte-automat, eit historisk spel, to homsar og fire innvandrarar til bygda. Så nå det bare ein villig investor eller rikelig statsstøtte som manglar.

Det er flott, men det er noe som skurrar. Noe med skalnivå.

Eg sto for noen år sidan på perrongen på Oslo Sentralbanestasjon. Stemmen i høgtalaren sa: "InterCity-ekspressen fra Nordagutu kjører nå inn på Spor 2. Etter et kort opphold fortsetter den til Dombås". Nå heiter det rett nok regiontoget mellom Skien og Lillehammer, men stadig er det noe med skalnivået som ikkje stemmer.

10-gangen er antakelig det nyttigaste matematiske instrumentet ein bør bruka i her i landet, særlig i regionalpolitikken. Utanlandske forbilde og modellar må minskast ved å dela befolkningsgrunnlaget på 10, og så ganga avstandane med 10. Men med slike endringar slår kvantitet over i kvalitet. Me er ikkje så verst til å læra og kopiera her i landet, men me må minnast skalaforskjellen. Derfor må me også dyrka og utvikla heimeavla modellar for norske forhold.

---

Ganske mye industri flytta ei tid på landet; sidan har den som kjent flytta ut av landet. Realiteten i det post-industrielle Norge er at det er offentlige tilbod og tenester og trygder som har vore den breie straumen i velferds- og fordelingspolitikken - både sosialt og geografisk. I utkantane har uføretrygda vore særlig viktig for busettinga. Kommunale arbeidsplassar i mange og små kommunar har vore det viktigaste distriktpolitiske virkemidlet.

Eg har ikkje gløymt Victor Normans utflytting av statlige kompetanse-arbeidsplassar, men det er mest som ein blå fotnote å rekna. Den vedvarande distriktpolitiske rammefortellinga er det andre som har stått for. Og nylig gjekk det ut bod frå kommunal- og regionalminister Navarsete om at alle nye statlige arbeidsplassar skal innskrivast i manntal og lokalisert utanfor Oslo; med eitt unntak, og etter særlig begrunnelse: Dersom det skjer i Groruddalen, den einaste av norske dalar som blei nemnt med namn og gitt spesielle omsorg i Soria Moria-erklæringa.

---

Ettersom dette sjangermessig er eit kåseri (Riksmålsoroboken: causerie), er det lov å sausa litt saman og koma med ein digresjon, som likevel ikkje er ei avsporing. Det

handlar om Soria Moria, for det eit eventyrlig faktum at dei rød-grøne bygde sitt norske hus på ein fusjon av to folke-eventyr med svært ulik moral, sjøl om Askeladden kjempar mot Trollet i begge. Dei blei nok som så mange andre ført på villspor av Kittelens berømte illustrasjon, som *ikkje* er til eventyret "Soria Moria slott", men til "Gullslottet som hang i luften" - altså eit reint luftslott.

Det første ein kan læra av dette, er at folke-eventyra er mangfoldige i sitt enfold. Dei er forvitnelige, men også forvirrande. Det må gå galt om eventyr blir forveksla med oppnåelige realitetar. Sjøl om moralen som regel er at dei snille og gode sigrar over dei vonde, må dei gjennom samvitskvalar og forferdelige prøvelsar for å koma dit. Og sånn har det vel vore i distriktspolitikken også, med eller utan broxianske perversjonar.

Den andre moralen er at ein skal vera forsiktig med å stasa opp politikken sin med metaforar utan å ta høgde for konnotasjonane. Det uoppnåelige luftslottet Soria Moria var i så måte like uforsiktig som SV sin gedigne valkampfadese i 1993. Då brukte dei slagordet "Ut av rundkjøringa" - heilt til ein slu jævel peika på at det bare er ein veg ut av ei rundkjøring: å svinga til høgje. Då blei plakatane makulert.

—

Eg har ei oppsummering:

Distriktspolitikk var i ein epoke, kanskje i ei unntakstid, ein så sjølsagt del av norsk politikk at ein kom ut av trening med å forklara korfor det var viktig. Derfor forvittra begrunnelsane og blei tilfeldige, sprikande og grunne. I våre dagar går det an å leva og blomstra som politkar og økonom og vera akseptert som forstandig kommentator, utan at distriktspolitikk er med som ein del av horisonten.

*Ressurs-argumentet* om å ta heile landet i bruk, er sjølsagt stadig gyldig, men det er lett å handla det bort på den globaliserte marknaden.

*Det individuelle argumentet* har vore at alle skal ha frihet til å bu der dei vil, og for mange er det spreidd. Der dei kjenner seg heime og høyrer til. Og då skal dei også ha tilgang til same muligheter og goder som i landet elles. Problemet med den retorikken er når bulysten i distrikta ikkje er stor nok hos mange nok - verken hos innfødde, tilbakeflyttarar, innflyttarar eller innvandrarar. Då går det mot forgubbing og uttynning.

*Det sosiale argumentet* for distriktspolitikken var frå først av å unngå fattigdomslommer under den raske moderniseringa av landet i tiåra etter krigen. Derfor dei spesielle tiltaka med støtte- og tilskotsordningar på geografisk grunnlag. Desse begrunnelsane og legitimeringane er kraftig utfordra gjennom fleire rundar med EEC/ EF/ EU og EØS/ESA. Sett frå lenger sør i Europa er jo folk i distrikts-Norge på ingen måte depriverte. Derfor ser det ut som statlig snik-subsidiering, forboden næringsstøtte og konkurransevriding.

Kva skulle så ei *djupare legitimering* for distriktspolitikk vera?

Med det meiner eg å halda i hevd kulturelle og historiske verdiar og begrunnelsar som er berande element i fortellinga om kva Norge har vore, er, og kan vera. At den

spreidde busettinga ikkje må haldast oppe av omsyn til dei som vil bu der ingen skulle tru, at nokon ville bu, men fordi det er ein nasjonal kvalitet og eit nasjonal fellesgode. At det er ein viktig grunn til å vera glade i vårt lille land. Fordi det er annleis i sin mangfoldighet, og at det er ein kvalitet for oss alle.

Det er lenge sidan Einar Førde kunne koma ustraffa frå å hevda at offentlige overføringar og kryss-subsidiering var eit sikkert teikn på ei høgare form for sivilisasjon. Men slik er det. Eller som nettguruen Clay Shirky seier det: Subsidiar er ei form for samfunnsdugnad, når dugnadens formål har allmenn legitimitet.

---

Takk for meg.

Eg har bare virra rundt i ord - ord, som verden så forakter. Og ikkje får ein alltid forstand av dei heller, som Preikaren minner oss om i 1. kapittel, 17. og 18. vers. Eg stiller ikkje mitt lys under ei bøtte eller eit fat, så for å sikra eit visst språklig nivå over budskapet, siterer eg frå nynorsk-umsetjinga av 1938. Elles blir kunnskapen bare smertelig tomhet og fåfengd forkynning:

*So la eg hugen på å skyna visdomen og skyna dårskap og vitløysa, men eg skyna at det var jag etter vind, det og.*

*For med stor visdom fylgjer mykje sut, og aukar du kunna, so aukar du kvida.*

Eller altså: Den som øker sin kunnskap, øker sin smerte.

Likevel vil eg stå fast på at orda er viktige. I all politikk, og ikkje minst i distriktspolitikken.

Men eg overlet til andre å utvikla den kunnskapen som kan skapa motmakt og gje orda handfast innhald og ikkje er steinar for brød. Det er tryggast slik.

Lykke til.

Men vøkt dokke for falske profetar.